


## Arealplankart for lokalitet Litlebø



**Figur 1** Lokalitet Litlebø ligger i område satt av til flerbruksareal i sjø (blå/hvit skravur) og skal i følge dispensasjonsvedtak erstatte arealet Akvakultur 4 vest for anlegget.

**7. OMRÅDE FOR SÆRSKILD BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (pbl § 11-7 nr 6)**  
(pbl § 11-9 nr 6 og pbl § 11-11 nr 3,4,5)

**7.1 Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF)**

Sjøareal avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innafor området.

Område prioritert for tradisjonelt naturbasert friluftsliv. Friluftsliv (sport) som fører med seg ureining, støy, eller vesentleg reduserar området sine naturkvalitetar, har ikkje prioritet i områda. Tiltak, inngrep som kan hindre fiske, friluftsliv, ferdsel, og natur/vilt/fuglelivet skal ikkje tillatast.

**7.2 Område for natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur (NFFFA)**


Sjøareal avsett til ålmenn bruk, også til akvakultur. Tiltak som kjem i konflikt med skipsleia kan ikkje tillatast.

Område som ikkje er konfliktvurdert. Eventuelle tiltak skal vurderast som einskildsaker. Tiltak eller inngrep må ikkje tillatast på stader som kjem i konflikt med natur-, fiske-, ferdsel-, friluftsliv- eller akvakulturinteresser. Bruk av arealet til akvakultur skal vere etter dei til ei kvar tid gjelda krav nedfelt i konsesjonsvilkåra. Arealet omfattar eksisterande ankerfeste for akvakultur. Fiskeoppdrett skal ikkje lokalisast slik at bruken av kaste- og låssettingsplassar for tradisjonelt fiske og allmenn ferdsel på sjøen vert hindra. Lokalisering av anlegg bør ikkje skje nær friluftsområde, badeplassar, og bustad- eller fritidsbustadområde.

**7.3 Område for akvakultur**

Sjøareal avsett til akvakultur. Område prioritert for fiskeoppdrett. Tilhøyrande forankring kan gå utanfor området, etter nærare plan. Utslepp som kan verke negativt på oppdrettsfisken si helse og kvalitet skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av oppdrettsområde. Eventuelle søknader om tiltak, forureining, inngrep i eller i nærleiken av områda må føreleggast fiskerimyndigheitene til fråsegn.

Lokaliteten Lyngholmen ved Slagnes bør vurderast strengt ved utviding eller fornying, grunna nærleik til bustadområde, botnforhold og ferdsel.



Figur 2 Forslag til interkommunal plan for sjøareal på søre sunnmøre som har vært på høring. Anlegget ligger i område som er avsatt til fremtidig kombinert areal for bruk og vern av sjø og fiske.